


LANDBRUKSPLAN FOR
GULEN KOMMUNE
2021-2030



1 Innhold

1	Innleiing	4
2	Overordna mål for landbruks- og matpolitikken i Noreg	4
2.1	Internasjonale føringar	4
2.2	Nasjonale føringar	5
2.2.1	Landbruk	6
2.2.2	Skogbruk	6
2.3	Hovudprioriteringar for landbrukssatsinga i Vestland 2020	6
3	Kommunale landbruksoppgåver	7
3.1	Forvaltning av produksjonstilskot	7
3.2	Forvaltning av regionalt miljøprogram (RMP)	7
3.3	Avløyising ved sjukdom	7
3.4	Tidlegpensjon for jordbrukarar	7
3.5	Erstatning ved klimabetinga skadar på avlingar	8
3.6	Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	8
3.7	Tilskot til drenering av jordbruksjord	8
3.8	Tilskot til tiltak i beiteområde	8
3.9	Autorisasjonsbevis for bruk av plantevernmiddel og gnagarmiddel	8
3.10	Arbeid med vasskvalitet, vassrammedirektivet, m.m.	8
3.11	Handsaming etter konsesjonslova	9
3.12	Handsaming etter jordlova	9
4	Fakta om landbruket i Gulen	9
4.1	Jord og jordvern.	9
4.1.1	Areal i drift	9
4.1.2	Jordleige	10
4.2	Alderssamansetnad på verksemdsdrivarane.	11
4.3	Utvikling for dei ulike produksjonane.	12
4.3.1	Kumjølk	12
4.3.2	Storfekjøtt	14
4.3.3	Sauehald	14
4.3.4	Eggproduksjon	15
4.3.5	Svinehald	16
4.3.6	Andre dyr det vert søkt om produksjonstilskot til.	17

5	Verdiskaping i landbruket.....	17
6	Skog	18
6.1	Skogsvegar.....	19
6.2	Offentleg vegnett	19
6.3	Forynging.....	19
6.4	Ungskogpleie.....	19
6.5	Hogst.....	19
6.6	Hjorteplager	19
6.7	Skogbruksplan	19
6.8	Attgroing.....	20
7	Hagebruk	20
8	Veterinæraktordninga	20
9	Vurderingar og prioriteringar for landbruket i Gulen.....	20
9.1	Mjølkeproduksjon	21
9.1.1	Hovudmål	22
9.1.2	Delmål:.....	22
9.1.3	Strategi:	22
9.2	Sauehald.....	22
9.2.1	Hovudmål.....	23
9.2.2	Delmål:.....	23
9.2.3	Strategi.....	23
9.3	Hagebruk.....	24
9.3.1	Hovudmål.....	24
9.3.2	Delmål:.....	24
9.3.3	Strategi.....	25
9.4	Tilleggsnæringar.....	25
9.4.1	Hovudmål.....	25
9.4.2	Delmål.....	25
9.4.3	Strategi.....	25
9.5	Skog.....	25
9.5.1	Hovudmål.....	26
9.5.2	Delmål:.....	26
9.5.3	Strategiar.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
9.6	Miljø og klima.....	27
9.6.1	Hovudmål.....	27
9.6.2	Delmål.....	27

9.6.3 Strategiar 28

1 Innleiing

Landbruksplanen skal ivareta både kommunale, regionale, nasjonale og internasjonale mål, interesser og oppgåver. Føringer på ulike nivå har difor vorte tatt omsyn til i arbeidet med planen.

Intensjonen med landbruksplanen er at den skal tydeleggjere mål og strategiar for utviklinga av landbruksforvaltninga i Gulen kommune dei neste 10 åra.

Det er i all hovudsak rådgjevar for landbruk, Håvard Tveit, og konsulent for vilt, skogbruk og jordbruk, Halvor Brosvik, som har utarbeidd planen. Saman med einingsleiar for PLT har dei også utgjort arbeidsgruppa for prosjektet. Den planlagde involveringa av bønder og deira organisasjonar kunne ikkje gjennomførast som tenkt på grunn av koronaepidemien, men organisasjonane har fått tilsendt planen på høyring.

I gjeldande kommuneplan for Gulen er det definert seks punkt som er retta mot korleis kommunen kan takle utfordringar i landbruket og sjå på moglegheiter for jordvern og langsiktig disponering av produksjonsareala. Kommuneplanen seier at kommunen skal;

- Leggje til rette for å oppretthalde og auke matproduksjon på linje med regionale og nasjonale mål
- Sikre samanhengande og gode jordbruksområde
- Bruke lovverket til å sikre at aktive bønder får høve til utvikling og investering
- Vere pådrivar for auka tal beitedyr for å utnytte ressursane på beite og utmark og bevare kulturlandskapet og sårbar kystlynghei
- Etablere møtepunkt for dei som driv landbruk og sikre god kommunikasjon mellom bønder, næring, faginstansar og forvaltning
- Utarbeide temaplan for landbruket med brukarmedverknad frå bøndene sine organisasjonar, det vil sei denne planen.

Kommuneplanen sine føringar har lagt grunnlaget for utarbeiding av denne planen. Det same har overordna mål og strategiar for næringa.

Det overordna målet med planen har vore å:

Vidareutvikle eit allsidig landbruk i Gulen.

2 Overordna mål for landbruks- og matpolitikken i Noreg

2.1 Internasjonale føringar

Sameinte Nasjonar har utvikla 17 berekraftsmål for å sikre ei berekraftig utvikling. Måla er eit resultat av forhandlingar mellom medlemslanda, og har direkte innverknad på norsk politikk.

Berekraftmåla til SN er som følgjer:



Figur 1. Hausten 2015 vedtok SN bærekraftsmåla. desse 17 måla skal alle verdens land sørge for at vi når innan 2030.

Måten vi forvaltar naturressursane på i Gulen, kan vere med å påverke bærekraftmåla til SN. Måla under har særleg relevans.

- **Mål 2 Utrydde sult:** oppnå mattryggleik og betra ernæring, samt promotere bærekraftig landbruk
- **Mål 9 Innovasjon og infrastruktur:** verdiskaping på bakgrunn av innovasjon i landbruket.
- **Mål 12. Ansvarleg forbruk og produksjon:** Sikre bærekraftige forbruks- og produksjonsmønster.
- **Mål 13. Stoppe klimaendringane:** Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringane.
- **Mål 15 Liv på land: Verne om, gjenopprette og fremje bærekraftig bruk** av økosystem, sikre bærekraftig skogforvaltning, bekjempe ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald.

2.2 Nasjonale føringar

Hovudmålet til landbruks- og matpolitikken er å sikre eit levande landbruk over heile landet, og gi frunlag for auka verdiskaping og livskvalitet basert på ei bærekraftig forvaltning av landbruket.

2.2.1 Landbruk

Regjeringa la i 2016 fram ei ny stortingsmelding på landbruksområdet kalla «Meld.St. 11 (2016-2017) Endring og utvikling. En fremtidsrettet jordbruksproduksjon». Stortingsmeldinga legg til grunn fire overordna målsetjingar: mattryggleik, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Meldinga har ein klar marknadsliberalistisk profil med fokus på effektivisering og at gardbrukarar og grunneigarar sjølv skal rå over eigne ressursar. Det er sterkt fokus på forenklingar både i forvaltinga og marknadsreguleringa. Regjeringa legg til grunn at avtalesystemet skal halda fram som før.

Blant landbrukspolitiske endringar i Stortingsmeldinga finn me:

- Redusera tal produksjonsregionar for kumjølke frå dagens 18 til 14.
- Innføring av "driftsvansketilskot".
- Mogleg innføring av kompetansekrav.
- Vurdering av forbod mot nydyrking av djup myr.
- Utarbeida eit nytt mål og ein strategi for økologisk jordbruk.
- Auka fokus på bruk av utmarksbeite.

2.2.2 Skogbruk

På skogbruksområdet vart det i 2016 lagd fram «Meld.St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst Konkurransedyktig skog- og trenæring». Viktige tiltak som er føreslegne i denne meldinga er:

- Vidareutvikla skogsvegnettet gjennom bruk av tilskotsordningar og skogfond.
- Utarbeiding av eiga ordning for utbetring av flaskehalsar på det offentlege vegnettet.
- Stimulera til bygging og utbetring av tømmerkaiar/terminalar langs kysten.
- Vidareføring av satsinga på bioenergi frå skogbruket.
- Auka satsing på kompetanseheving i skogbruksnæringa.

Regionale strategiar og planar innan landbruk må være innanfor rammene av nasjonal politikk fastsett i jordbruksoppgjeret og av Stortinget.

2.3 Hovudprioriteringar for landbrukssatsinga i Vestland 2020

Vestland fylkeskommune skal saman med partnarskapen jobba for auka lokal verdiskaping med attraktive arbeidsplassar i landbruket i Vestland. Vestland skal oppretthalde sin del av den nasjonale matproduksjonen, og jobbe for fleire og meir lønsame bedrifter som tek opp i seg nye trendar og moglegheiter. Vi skal jobbe for eit klimaklokt og miljøvenleg Vestlandslandbruk, og styrke rekruttering, omdøme og kompetanse i næringa.

Med utgangspunkt i måla sette i gjeldande planverk, og politisk plattform er dette dei viktigaste områda vi skal løfte saman i 2020 for å styrkje Vestlandslandbruket:

- auke produksjonen på lokale ressursar
- meir og betre grovfôrforproduksjon og bruk av lokale beiteressursar
- støtte opp om mjølk som bærande produksjon
- Vestland skal vere førande i landet på frukt og bær
- leggje til rette for innovasjon og konkurransekraft i heile verdikjeda for lokalt trevirke
- samordne innsatsen i fylket for å løyse utfordringar og utvikle nye lønsame produksjonar
- vere ein aktiv medspelar i utforminga av den nasjonale politikken på landbruksområdet
- auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamanheng
- legge til rette for auka bruk av FoU og ny teknologi
- legge til rette for at næringa i fylket kan drive på ein meir miljø og klimavenleg måte, og å tilpasse seg framtidige klimautfordringar
- sikre og utvikle jordressursane og produksjonsgrunnlaget for vidare matproduksjon gjennom god og effektiv arealbruk og eit sterkt jordvern
- betre rekrutteringa og omdømet til landbruket

3 Kommunale landbruksoppgåver

3.1 Forvaltning av produksjonstilskot

Kommunen har ansvar for å handsame søknadar om produksjonstilskot til jordbruksføretak med avløysartilskot. Søknadane vert handsama gjennom det elektroniske fagsystemet eStil og kommunen har også arbeidet med å føre kontroll med at søknadane er korrekte og at søkjarane oppfyller vilkåra for tilskot. Det er Landbruksdirektoratet som føl opp tilskotsordninga på nasjonalt nivå.

3.2 Forvaltning av regionalt miljøprogram (RMP)

Kommunen er førsteinstans i forvaltning av RMP, som skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilde verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast. Også desse søknadane går gjennom eStil.

3.3 Avløysing ved sjukdom

Kommunen er førsteinstans i handsaming av Tilskot til avløysing under sjukdom og fødsel. Ordninga skal bidra til å dekke utgifter til avløysing når boden ikkje kan delta i fardsdrifta på grunn av sjukdom eller graviditet, fødselspermisjon eller sjukt barn. Kommunen fattar vedtak og betalar ut via fagsystemet Agros.

3.4 Tidlegpensjon for jordbrukarar

Ordning med tidlegpensjon for jordbrukarar gjeld for jordbrukarar som har fylt 62 år. Søknaden skal sendast direkte til Fylkesmannen som fattar avgjerd. Kommunen må ha kunnskap om ordninga slik at me kan gje informasjon til aktuelle søkjarar.

3.5 Erstatning ved klimabetinga skadar på avlingar

Kommunen mottek søknadane om erstatning ved klimabetinga skader, kontrollerer opplysningane og sender saka vidare til Fylksmannen for avgjerd. Ordninga er forvalta gjennom fagsystemet ELF:

3.6 Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Kommunen forvaltar SMIL-ordninga etter forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket, gjeldande rundskriv og lokal tiltaksstrategi. Føremålet med ordninga er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet og reudsere forureining frå jordbruket. Ordninga vert forvalta gjennom fagsystemet Agros. Nye tiltaksstrategiar skal sendast til Fylkesmannen. Kommunane er oppmoda via Fylkesmannen til å prioritere forureiningstiltak via SMIL-ordninga. Tak over opne gjødsellager er eit godt eksempel på eit slikt tiltak. Ordninga kan også støtte tiltak som fremmar ville pollinerande insekt og truga natur.

3.7 Tilskot til drenering av jordbruksjord

Kommunen forvaltar ordninga ut frå forskrift om tilskot til drenering av jordbruksjord og tilhøyrande rundskriv. Føremålet med ordninga er å auke kvaliteten på tidlegarea grøfta jordbruksjord med potensiale for auka jordbruksproduksjon, redusert fare for erosjon og redusert overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag. Ordninga vert forvalta gjennom fagsystemet Agros.

3.8 Tilskot til tiltak i beiteområde

Denne ordninga vart overført til kommunane frå 2020. Føremålet er å leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda. Ordninga skal bidra til god beitebruk gjennom infrastrukturtiltak i utmark. Kommunen har ansvar for å kunngjere tilskotsordninga, fastsetje søknadsfrist, handsame søknader og betale ut tilskot gjennom fagsystemet Agros. Det skal lagast retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde og desse må sjåast i samanheng med SMIL-midlane.

3.9 Autorisasjonsbevis for bruk av plantevernmiddel og gnagarmiddel

For å kunne bruke plantevernmiddel og gnagarmiddel må brukar ha gjennomført kurs med bestått eksamen. Her er det ei ansvarsdeling mellom kommunen, fylkesmannen og eksterne kurshaldarar som syter for at slike kurs vert arrangert og formidla ut i kommunane.

3.10 Arbeid med vasskvalitet, vassrammedirektivet, m.m.

Arbeidet med vasskvalitet er delt mellom kommune, fylkeskommune og fylkesmannen. Kommunen er lokal ureiningsstyremakt, og på landbruksområdet skal ein sjekke om regelverket for til dømes silopressaft og husdyrgjødsel vert etterlevd. I arbeidet med oppfølging av vassrammedirektivet må dette arbeidet utvidast til også å sjå på belastninga frå andre ureiningskjelder, til dømes punktutslepp av typen hushaldningskloakk i spreiddbygde område. Gulen kommune deltek i arbeidet med å utarbeide ny vassforvaltningsplan i vår vassregion.

3.11 Handsaming etter konsesjonslova

Når ein eigedom er omfatta av konsesjonsplikt, må ny eiger innhente løyve for å overta den. Føremålet med lova er å ha kontroll med omsettinga av fast eigedom, for å verne landbruket sine produksjonsareal og sikre eigar- og bruksforhold som gagna samfunnet og framtidige generasjonar.

3.12 Handsaming etter jordlova

Frådeling av landbrukseigedomar og omdisponering av dyrka jord.

4 Fakta om landbruket i Gulen

4.1 Jord og jordvern.

For å sikre matforsyninga i landet er dyrka og dyrkbar jord ein grunnleggjande resurs. På landsbasis er berre 3% av landareala dyrka mark, og det er ingen andre land i Europa som har lågare andel dyrka mark. Difor er det viktig å verne dei arealressursane som me har.

I følge SSB er det omdisponert 150 daa dyrka og dyrkbar jord etter jordlova og plan- og bygningslova i Gulen i perioden 2005 til 2018. I same periode er det berre godkjent nydyrka areal på 11 daa. (SSB)


Dersom Gulen kommune skal nå målet om å auke matproduksjonen, må dei produktive landbruksareala skjermast mot nedbygging. Dette gjeld både dyrka mark og utmark med høg produksjonsevne. Mykje av nedbygginga skjer gjerne der jorda sin produksjonseven er størst, fordi bygdene tradisjonelt sett vart etablert rundt dei beste landbruksareala. Det er også ofte her det er best veksttilhøve og soltimar.

4.1.1 Areal i drift

Oversikt over status for Gulen i dag:

Tal landbrukseigedommar	503
-med minst 5 da jordbruksareal	447
-med minst 25 da skog	327
Jordbruksareal i alt (dekar)	23 883
-jordbruksareal i drift (dekar)	17 716
Produktivt skogareal (dekar)	77 423

Kjelde: Landbruksdirektoratet




Figur 2. Kjelde: SSB

Grafen over syner ei utvikling i tal dekar i drift som går nedover. Det gjeld jordbruksarealet totalt sett og for fulldyrka jord. Potet og grønfor- og silovekstar har etter tusenårsskifte vore veldig lågt, og er null i 2018. Den viktigaste og største produksjonen, eng til slått og beite, går også ned. Eng til slått og beite har endra seg frå 20 644 daa i 2000 til 17 718 daa i 2018. Ein nedgang på nesten 15 % eller 2926 daa. Det vert 162,6 daa pr år.

4.1.2 Jordleige

Ut frå kravet om meir effektivitet i jordbruket, har brukseiningane måtta finne seg meir jord. Det har til no vore heller vanskeleg å få kjøpe jord, men ikkje særleg vanskeleg å få leige ønska tilleggsjord. Grafen under syner utviklinga.




Figur 3. Kjelde SSB

Jordbruksareal i drift har gått ned, medan areal leigejord har gått noko opp. I 2010 var leigejorda på 7 943 daa og i 2017 var den 8 866 daa – ein auke på 11,6 %. Tal jordbruksverksemder med leigejord har gått frå 81 stk i 2010 til 78 stk i 2017. Dette er ganske stabilt.

4.2 Alderssamansetnad på verksemdsdrivarane.

Alder på drivarane fortel oss noko om framtidstru og vilje til satsing i næringa. Slik kan ein slutte at dess eldre gjennomsnittet av brukarane er, dess mindre framtidstru og optimisme i næringa. Like eins vil eldre brukarar føre til at noko må skje om ikkje lenge. Generasjonsskifte er ofte då ny generasjon må avgjere om bruket skal drivast vidare som sjølvstendig bruk eller nyttast på anna måte.



Figur 4. Kjelde: landbruksdirektoratet, produksjonssøknadar.

Andre produksjonar er sal av grovfor.

Den største gruppa mjølkeprodusentar fell i gruppa 50 til 59 år med 16 stk. Og den nest største er gruppa 60 til 69 år med 10 stk. Det er ingen mjølkeprodusentar under 30 år. Det er 3 mellom 30-39 år og 6 produsentar mellom 40-49 år.

I saueproduksjonen er tendensen endå tydelegare. I gruppa mellom 50-59 år er det 11 produsentar og i gruppa 60-69 år er det 8 produsentar. 1 er under 30 år og 4 er over 70 år.

I kjøttproduksjonen er det meir likt fordelt med 4 og 3 i kvar gruppe over 30 år.

4.3 Utvikling for dei ulike produksjonane.

Ser ein på dei ulike produksjonane i kommunen, har dei hatt ei ulik utvikling den siste tida.


4.3.1 Kumjølkk

Innanfor mjølkeproduksjonen på ku går utviklinga mot færre og større brukseiningar. I 2007 var det 51 føretak med gjennomsnittleg kvote per føretak på 83 970 liter. Det var i kommunen ein disponibel kvote 4 282 456 liter mjølk.

Til 2018 har dette endra seg til 39 føretak med gjennomsnittleg kvote på 130 569 liter mjølk. Disponibel kvote i kommunen var då 5 092 201 liter mjølk.

Mjølkeproduksjonen per bruk er i snitt 56% høgare i 2018 enn i 2007. Tal føretak har gått ned frå 51 til 39, dvs reduksjon med 26%.

Det gledelege i utviklinga er at liter kvote i kommunen har auka med 19 %.



Figur 5 Tal frå lib.

Innanfor mjølkeproduksjon har brukarane satsa og fylt opp fjøsane sine. Nokre har gjort små utbetringar for å kunne maksimere produksjonen i eksisterande bygningar.

BU-midlar frå Innovasjon Norge Sogn og Fjordane/Vestland frå 2010 til 2019 syner at det er gjeve om lag 8 mill. kroner til fornying/nybygg i mjølkeproduksjonen.




Figur 6. Kjelde: SSB

I år 2000 var det 843 mjølkekyr i kommunen. Og i 2015 var det lågast med 630 stk. I 2018 var talet 686 mjølkekyr.

Tilsvarende tal for ammekyr: 122 stk i år 2000, 137 stk i 2015 og 133 stk i 2018. (SSB)

Volum mjølk og % lausdriftsmjølk i kvar kommune.




Figur 7. Kjelde: Storfeprosjektet v/ Jo Helge Sunde.

I 2019 kom 20 prosent av dei knappe 5 mill liter mjølk produsert i Gulen, frå lausdriftsfjøs. I 2034 skal alle kyr vere i ein lausdriftsfjøs. I høve til kommunane

med om lag same mjølkemengd, ligg Gulen kommune etter når det gjeld kyr i lausdriftfjøs. I Sogn og Fjordane kom 50% av mjølka frå lausdriftsfjøs i 2019. Det var 185 lausdriftsfjøs og av desse var 128 robotfjøs. Lausdriftsfjøsa utgjorde 25% av alle fjøs.

4.3.2 Storfekjøtt

I 2003 vart det slakta 240 486 kg slakt av storfe. Dette var lågast i 2016 med berre 167 833 kg slakt. I 2018 var talet 195 710 kg storfeslakt.



4.3.3 Sauehald

Sauenæringa har hatt ein viktig posisjon i Gulen. Ikkje minst ut frå at kommunen har store beiteressursar som sauen har nytta på ein god måte. Tal bruk med sau er halvert frå år 2000, og var i 2017 42 bruk.


4635 GULEN						
Kommune						
År	Antall søkarar i alt med sau	Antall søkarar med utegående sau	Antall sauer i alt	Antall vaksne sauer/vinter-fôra	Antall sauer under 1 år/lam	Antall utegående sauer
Vinter 2000	90	1	3 662	3 623	31	8
Vinter 2005	60	1	3 350	2 367	956	27
Vinter 2010	50	4	3 414	2 184	954	276
Vinter 2015	42	0	2 777	1 931	846	-
Vinter 2017	42	0	2 856	2 071	785	-

Kjelde: Landbruksdirektoratet

Tala syner også at sauetalet går ned. I 2000 var det 3662 sauer. Det lågaste talet var i 2015 med 2777 sauer over 1 år, medan det i 2017 var 2856 sauer. Dette gjev ein nedgang frå 2000 til 2017 på 23 %.

Også for sauenæringa er buskapane blitt noko større. I 2000 var snittstorleiken på 40,2 sau og i 2017 var snittet på 68 sau pr bruk.


Når ein legg saman sau, lam og villsau, får ein desse tala for slakt: I 2003 vart det samla tal slakt 61 076 kg. Høgaste produksjon var i 2005 med 65 141 kg, medan det i 2018 vart slakta 48 855 kg slakt sau.



BU-midler frå Invasjon Norge Sogn og Fjordane/Vestland frå 2010 til 2019 syner at det er gjeve 675 000 kroner til fornying/nybygg til sauenæringa i perioden.


4.3.4 Eggproduksjon

Eggnæringa har dei siste 10-åra hatt ulike utfordringar. Frå at egg har dårleg påverknad på kolesterol, til krav om miljøbur og «tvungen» omlegging til lausdrift. Dette er omstende som har påverka utviklinga til slik situasjonen er i dag.



Figur 8. Kjelde: SSB

I 2000 var det 21 793 høner i kommunen. Dette har gått nedover og låg i 2018 på 11 659 høner.



Figur 9. Kjelde: landbruksdirektoratet.

4.3.5 Svinehald

Svinehald er ein liten produksjon i Gulen. Det har vore både smågris- og slaktegrisproduksjon fordelt på nokre få bruk. I dag er det eitt bruk som driv med slaktegrisproduksjon. Diagrammet under seier noko om utviklinga.



Figur 10. kjelde: landbruksdirektoratet.

4.3.6 Andre dyr det vert søkt om produksjonstilskot til.

Mjølkegeiter

I Gulen er det eitt bruk som driv med mjølkegeit.

Hest

I 2017 var det 7 søkarar av produksjonstillegg med i alt 15 hestar.

Rev og mink

Ved utgangen av 2019 er det ein som driv med pelsdyr i kommunen. Han har mink. Minknæringa har Stortinget vedteke skal leggast ned innan 2025.


5 Verdiskaping i landbruket.

Norsk Institutt for bioøkonomi (Nibio) la i 2018 fram ein rapport om verdiskapinga i landbruket «Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane». For Gulen kommune viser tala følgjande berekningar av verdiskaping som bruttoprodukt og sysselsetting;

Bruttoprodukt jordbruk, mill. kr.(inkl. pelsdyr)	35,3
Bruttoprodukt skogbruk, mill. kr.	5,1
Sum bruttoprodukt primærledd, mill. kr. (inkl.tilleggsnæring)	45,4
Årsverk à 1845 timar, jordbruk	105,7

<https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/2584130>. (Oppdaterte berekningar 2018). NIBIO rapport nr 174, 2018.

Det er ingen landbruksbasert industri i Gulen.



6 Skog

Det veks skog på ca ¼ av landarealet i kommunen. Dette utgjør i underkant av 160 000 daa. Men av dette er berre 51 000 daa produktiv skog. Arealet fordeler seg på 11 500 daa med gran, 19 500 daa med furu og 20 000 daa med lauvskog.

Ser vi på ståande volum på dei same treslaga, er det grana som toppar med 167 000 kubikkmeter, furu med 139 000 kubikkmeter og lauv med 58 000 kubikkmeter.

Skogen produserer kvart år i underkant av 15 000 kubikkmeter, medan avvirkinga har i snitt vore 3378 kubikkmeter siste 5 år. (Alle tala ovanfor er frå skogbruksplan for Gulen 2012)

År	Gran, industrivirke (m3)	Furu, industrivirke (m3)	Sum totalt (verdi i kr)
2014	269		kr 74 254,00
2015	251		kr 56 360,00
2016	15467	139	kr 4 255 139,00
2017	577		kr 158 822,00
2018	189		kr 62 971,00

Figur 11 Tal frå landbruksdirektoratet/ØKS

Det går heilt tydeleg fram av tala at tida for sjølvhogst er forbi. Vinteren 2015/16 var første året med hulgående hogst i Gulen og det vart hogge formidabelt mykje.

Skogeigarane har anna arbeid eller ein større husdyrproduksjon med mindre tid til skogsarbeid. Likevel er det litt sjølvhogst.

I tillegg til tala i tabellen vert det teke ut ved til eige bruk og sal. SSB reknar med eit forbruk på 250 kg ved pr. person i Sogn og Fjordane i 2016. Legg ein dette til grunn, kan uttaket av virke til ved vere ca. 1150 kubikkmeter. Sjølv om noko går til sal, er uttaket truleg noko mindre. Svingningane i uttaket vil, ved sida av når det er hogst i regi av AT skog eller Norskog, vere styrt av stormfelling, tømmerpris, tilskotsordningar og mengde hogstmoden skog. Vêret med frost og gode driftstilhøve vil også spele inn.

6.1 Skogsvegar

Når den planta grana etter kvart vert hogstmogen, er det trong for fleire skogsvegar. Desse er i stor grad sette av på kartet i Hovudplan for skogsvegar i Vestland (Sogn og Fjordane). For Gulen sin del er det stort sett berre korte vegar for det meste under 1000m.

6.2 Offentleg vegnett

Etter skogsvegen, skal tømmerbilen over på offentleg vegnett. Det er mange kommunale vegar som i veglista er klassa ned i høvet til kravet frå skognæringa om vogntog på 19,5 meter og 50 tonn totalvekt. (24 meter og 60 tonn på landsplan). Nedklassa vegar gjev skogeigar tap og i nokre tilfeller vert det ulønsamt å ta ut skogen.

6.3 Forynging

På Vestlandet plantar ein berre 50% av det arealet ein høgg. Det har vore lite avvirking i Gulen i det siste. Unnataket er 2016 då det vart hogge 16 000m³ gran. Noko av arealet foryngar seg sjølv og må avstandsregulerast. Noko er planta og noko er framleis ikkje tilfredsstillande forynging.

6.4 Ungskogpleie.

Det er ikkje tradisjon å stelle skogen i Gulen. (Med nokre unntak). Stell av ungsog betaler seg veldig godt i form av betre tømmer og meir volum.

6.5 Hogst

Granplantinga frå 1950 talet og utover er i 2020 opp mot 70 år. Då er plantingane på dei beste bonitetane hogstmogne.

6.6 Hjorteplager

Hjorten er ein stor skadegjerar på plantefelt i skog. Han bit av toppskot og nappar opp heile planter. I ekstreme tilfelle er plantefelt rasert. Like eins gjer han skader seinare i den yngre skogen. Typiske døme er avbiting av toppskot og bite- og feiemerker på stammen.

6.7 Skogbruksplan

I 2012 fekk 67 skogeigarar skogbruksplan med miljøregisteringar i Gulen. Dette er naudsynt for å få omsett tømmer til industri. Slike planar er også med å sikre eit berekraftig skogbruk med tanke på miljø og økonomi. Fleire som vil ta ut skog,

spør no om å få ettertinga slik plan. Og i nokre tilfelle let det seg gjere. Ein må ta kontakt med AT Skog for tinging av plan.

Sidan 1950 er det planta gran og sitkagran i om lag alle deler av kommunen.

6.8 Attgroing

Det er for tida jordbruksareal som ikkje vert hausta lenger. Desse vert fort overgrodd av ymse typar lauvtre. Dette er ofte areal med god bonitet og bør vurderast planta til med gran. Det er eit godt klimatiltak.

7 Hagebruk

Med hagebruk meiner vi dyrking av grønnsaker, frukt, bær og blomster. Dette er ei lita næring i Gulen kommune. Frå 2000 og fram til 2012 var det frå 1 til 4 som søkte om tilskot. Og det var søkt om tilskot til jordbær, andre bær og fruktartar og til planteskule og blomsterdyrking på friland.

Det er verdt å merke seg at i Gulen kommune no, held ein av to sertifiserte bringebærplanteproducentar i landet til. Det er også produksjon av bringebær.

8 Veterinærvaktordninga

Kommunen har eit ansvar for å sikre god nok veterinærdekning. I *Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell* § 3a, går det fram at ansvaret er todelt:

1. *Kommunene skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell*
2. *Kommunene har ansvar for å organisere en klinisk veterinærvakt utenom ordinær arbeidstid.*

Vaktdistriktet som Gulen er ein del av femner om Høyanger, Masfjorden og Gulen. Dette er eit stort område. Det er Gulen kommune som er vertskommune og administrerer ordninga. og som betalar ut tilskot. Vaktdistrikta får eit årleg tilskot til vakt utanom arbeidstid og eit mindre administrativt tilskot. I tillegg kan det søkast om stimuleringsstilskot som skal medverke til stabil tilgang på veterinærtenester på dagtid. For 2020 yter Gulen kommune i sum 600 000 kr til 2 veterinærar.

Dyretalet har gått noko ned. Men framfor alt, så er dyra friskare.

9 Vurderingar og prioriteringar for landbruket i Gulen

Det er det grovfôrbaserte husdyrhaldet som dominerer landbruket i Gulen, med mjølkeproduksjonen som den viktigaste produksjonen. Færre og større driftseiningar opprettheld produksjonsvolumet, men utnyttinga av arealressursane av både inn- og utmark har blitt dårlegare. Samstundes er landbruket i endring, og ein kan sjå tendensar til at nye brukarar kjem til og legg opp til ei drift basert på eigne ressursar, der ein større del av inntekta vert henta utanfor gardsdrifta.

9.1 Mjølkeproduksjon

Skal landbruket framleis vere ei viktig næring i Gulen, er det vesentleg at ein opprettheld mjølkeproduksjonen. Ved starten av 2020 var det 33 kumjølkeproduksjonsforetak med gjennomsnittleg kvote på 152 741 liter mjølk. Kumjølkkvotar i Gulen kommune utgjer i alt 5,04 mill liter. I 2021 vert kring 1,8 mill liter av mjølka i Gulen produsert i lausdriftsfjøs.

Dei fleste kufjøsa er bygde på 1970-80 talet og er modne for utrangering eller renovering. Frå 2024 vert det krav til at dyr i båsfjøs skal ha 12 veker beitetid, lufting gjennom heile året og kalvingsbingar, og lausdrift skal innførast seinast 2034. 75% av mjølkebøndene er over 50 år. Når lausdriftskravet slår inn i 2034 er desse komne i pensjonsalder. Generasjonsskifte og krav om lausdrift kan føre til nedlegging og utarming av mjølkeproduksjonen, men for enkelte kan også krava som kjem i 2024 vere ei utfordring å gjennomføre dersom brukarskifte ikkje er avklart.

TINE har varsla ei nedskalering av mengde kumjølke fordi støtte til eksport fell bort, og trendar i matvanar påverkar mjølkekonsumet.

Gulen har ein produsent av geitemjølke. Denne produksjonen har ikkje krav om lausdrift, men deler likevel utfordringa med kumjølkeprodusentane med behov for investering i bygningsmasse og usikkerheit kring brukarskifte.



9.1.1 Hovudmål

Mjølkeproduksjonen må vere på dagens nivå eller aukast noko. Mjølkeproduksjonen må i hovudsak vere basert på eige grovfor. Klima- og miljøperspektivet må takast på alvor.

9.1.2 Delmål:

1. Legge til rette for rekruttering for at næringa skal vere vital og livskraftig.
2. Fornyng av driftsapparat. Mange fjøs er frå 1970 og 80-talet og treng fornyng for at næringa skal vere liv laga framover. Overgang frå bås-fjøs til lausdrift krev kring 70% meir dyreareal, og vil i dei aller fleste tilfelle medføre behov for nybygg eller tilbygg. Det bør fram til 2034 byggast minst 12-15 nye driftsbygningar for mjølkeproduksjon.
3. Utnytte arealressursane. Å bruke mest mogeleg eige grovfor, er bra både for økonomi og klima. Stell av jorda og god agronomi er viktig.
4. God utnytting av husdyrgjødsel.

9.1.3 Strategi:

1. Gulen kommune skal bidra til gode møteplassar for informasjonsflyt og samhald. Gjerne saman med faglag og organisasjonane i landbruket.
2. Kommunale tilskot i samband med investeringar. Fleire bønder «sit på gjerdet» grunna forventna høge investeringar i nybygg. Mogelege tiltak kan vere:
 - a. Tilskot til planleggingsfasen for å sikre at avgjerda kring framtidig drift ikkje vert tatt på feil økonomisk grunnlag
 - b. Tilskot til kvotekjøp
 - c. Tilskot til bygging av driftsbygningar i tillegg til Innovasjon Norge sine IBU-midlar
 - d. Tilskot til naudsynt infrastruktur som ikkje kan vere med i søknaden om IBU-midlar - som til dømes behov for brønnboring, ny veg
3. Auke etablerartilskotet frå kommunen ved overtaking av aktive gardsbruk for å motivere for at neste generasjon skal få ta over i yngre alder
4. Tilskot til No-fence beitesystem.
5. Prioritere SMIL-midlar til tiltak som aukar beitebruken på innmarksbeite, og auke fokus på bruken av tilskot til tiltak i beiteområde i utmark.
6. Ekstra tilskot til drenering i tillegg til det statlege tilskotet.
7. Tilskot til auka husdyrgjødsellagerkapasitet. Satelittlager kan bidra til betre fordeling og effektiv utkøyring av husdyrgjødsel på alt areal.

9.2 Sauehald.

Også sauehaldet er under eit visst press. Til 2015 gjekk saue-talet ned. Det var då på 2777 sauer i alt. I 2017 var talet kome opp i 2856 sauer. Sauehaldbruket er i endå større grad enn mjølkeproduksjon av den eldre garde. 82% er 50 år eller eldre. Buskapssnittet ligg på 68 sauer pr. produksjonseining.

Marknadssituasjonen har ført til at kjøt av vaksen sau, ikkje vert verdsatt noko særleg. Det hopar seg opp på kjølelager.



9.2.1 Hovudmål.

Sauen er ein god landskapspleiar og nyttar utmarksbeita godt. Det er eit mål å minst halde framtidig produksjon på sau på dagens nivå og helst auke det noko.

9.2.2 Delmål:

1. Sauenæringa har ein stor del brukarar over 50 år. Det er viktig å legge til rette for at yngre generasjonar kan gå inn i næringa.
2. I sauenæringa, i større grad enn i andre produksjonar, trengst det ei modernisering av driftsapparatet. Spesielt gjeld dette driftsbygg.
3. Sauen skal nytte utmark og gamle beiteområde i stor grad. Dette er viktig landskapspleie.

9.2.3 Strategi.

1. Bidra til gode møteplassar for informasjonsflyt og samhald. Gjerne saman med fagлага og organisasjonane i landbruket.
2. Ta aktiv rolle i utfordringar knytt til tiltak som krev samarbeid – til dømes gjerdehald, felles drift. Også innanfor sauenæringa må det vere rom for samdrifter og større fellesfjøs.
3. Auke etablerartilskotet frå kommunen ved overtaking av aktive gardsbruk for å motivere for at neste generasjon skal få ta over i yngre alder.
4. Kommunale tilskot i samband med investeringar. Fleire bønder «sit på gjerdet» grunna forventna høge investeringar i nybygg. Mogelege tiltak kan vere:
 - a. Tilskot til planleggingsfasen for å sikre at avgjerda kring framtidig drift ikkje vert tatt på feil økonomisk grunnlag
 - b. Tilskot til bygging av driftsbygningar i tillegg til Innovasjon Norge sine IBU-midlar

- c. Tilskot til naudsynt infrastruktur som ikkje kan vere med i søknaden om IBU-midlar - som til dømes behov for brønnboring, ny veg
- 5. Tilskot til No-fence beitesystem.
- 6. Prioritere SMIL-midlar til tiltak som aukar beitebruken på innmarksbeite, og auke fokus på bruken av tilskot til tiltak i beiteområde i utmark.
- 7. Ekstra tilskot til drenering i tillegg til det statlege tilskotet.

9.3 Hagebruk.

Hagebruk er ei lita produksjonsgrein i Gulen. Frukt og grønt er eit område innanfor landbruket det er rom for satsing og auke i produksjonen. Dette er uttalt frå faglaga og frå fylkesmannen. Dei klimatiske tilhøva har ikkje vore dei beste i Gulen med mykje regn og ein del vind. Men med varmare ver og høve til tunneldyrking, kan det vere aktuelt for nokon å satse på ei nisje her.

Når ein tenkjer miljø og klima, og kortreist er i vinden, er absolutt norskproduisert bær og frukt eit alternativ til importen.



9.3.1 Hovudmål.

Auke produksjonen i kommunen.

9.3.2 Delmål:

1. Kartlegge betre kva som er mogleg produksjon i Gulen
2. Vidareutvikle eksisterande kompetanse i kommunen

9.3.3 Strategi.

1. Bruke nye regionale kartleggingsverktøy og fagkompetanse på regionalt nivå.
2. Bidra til gode møteplassar for informasjonsflyt og samhald

9.4 Tilleggsnæringar.

Innanfor mjølk og kjøttnæringane er det press frå deler av forbrukarane om at desse varene ikkje er gode verken for folk eller klima. I tillegg set eksportreduksjonar snevrare grenser for kva volum ein kan produsere. Dette kan vere insitament for å gå i gang med andre produksjonar eller oppgåver. Kommunen kan ikkje seie kva den enkelte skal utvide med. Men saman med næringa, kan kommunen vere samtalepartner og vere med på å hente inn kompetanse. Gulen kommune ønskjer å halde fram eller auke dei jordbruksproduksjonane vi har i dag. Likevel vert desse i nokre tilfeller for små og gjev for dårleg inntekt. Ulike former for tilleggsnæring kan då for enkelte vere eit alternativ.

9.4.1 Hovudmål.

Tilleggsnæringar knytt opp mot landbruk er naudsynte og kan føre til at fleire bruk er liv laga framover. I heile sitt spenn av tenester og produksjon, kan mange finne ei nisje å utvikle sin gard med. Gulen kommune ønskjer å auke både bredda og volumet innanfor tilleggsnæringar.

9.4.2 Delmål.

1. Fleire aktørar. Truleg kan fleire finne alternativ der dei får brukt ressursar, maskiner og bygningar på garden til inntektsbringande produkt og tenesteri tillegg til den tradisjonelle gardsdrifta. «Lokal» og «kortreist» er nemningar som for mange er positivt lada og kan utnyttast i gardssamanheng.

9.4.3 Strategi.

1. Samarbeidspartnarar er viktig når ein vil starte opp noko nytt. Gulen og Masfjorden utvikling (GMU) er ein aktør som må nyttast.
2. Gulen kommune vil bidra til gode møteplassar for informasjonsflyt og samhald.
3. Nettverksbygging med andre aktørar innanfor same nisje og i andre tilleggsnæringar er ofte avgjerande for å lukkast. Gulen kommune vil vere eit ledd i denne nettverksbygginga.

9.5 Skog

I 2015/16 vedtok alle fylkeskommunane langs kysten «Melding om kystskogbruket 2015» I denne meldinga vert det presentert to hovudmål for skognæringa langs kysten.

1. Verdiskapinga i Kystskogbruket skal firedoblast fram til 2045.
2. Karbonlageret i kystskogen skal aukast og trevirke skal i aukande grad erstatte mindre klimavenlege materialer og energikilder.

9.5.1 Hovudmål.

Gulen kommune ønskjer eit miljøvenleg og berekraftig skogbruk med auka lønnsemd for skogeigarane og verdiskaping for samfunnet. Tiltaka må vere tilpassa klimaendringar og bidra til å løyse klimautfordringa. Skogen inngår i mange økosystem.

9.5.2 Delmål

- For å kunne ta ut planteskogen, må det byggast skogsvegar og gamle vegar må oppgraderast. Offentleg vegnett må halde nasjonal standard. (24 m vogntoglengd og 60 tonn vogntoglast)
- Skogen skal handsamast som eit multifunksjonelt økosystem som genererer eit stort mangfald av produkt og tenester. Og skog skal kunne fungere som leveområde for mange artar.
- Kommunen skal vere pådrivar for å auke skogkompetansen til skogeigarane.
- Gulen kommune skal fungere som uavhengig rådgjevar og legge til rette for ei rasjonell og effektiv forvaltning av skogressursane. Det skal takast omsyn til både skogeigarinteresser, samfunnsinteresser og økosystemet i sin heilskap.
- Skogen og skogbruket skal bidra til å oppfylle bærekraftmåla til SN. (FN)
- Skogbruk er ein produksjon med langt perspektiv. Eit omlaup er på 40 – 120 år. Skogbruk er langsiktig og arealkrevjande. Det er avgjerande at rammevilkåra for skogbruket er stabile over tid.
- Skogen i Gulen kommune skal drivast på ein berekraftig måte og produksjonspotensialet og ressursen skal nyttast. Viktige element i dette er planting, stell og hogst med tanke på kontinuerleg skogproduksjon. Ressursane og økosystema i skogen skal forvaltast på ein ansvarsfull, berekraftig og effektiv måte.

9.5.3 Strategiar

- For å få ut skogressursane, må det byggast skogsbilvegar. Desse munnar ofte ut i ein kommunal veg som ikkje stettar krava til effektiv transport. Det er også problem med fylkeskommunale vegar. Gulen kommune må setje i gang prosessar for oppskrivning av det offentlege vegnettet til 10 tonn akseltrykk og minimum 19,5 meter vogntoglengd. Prioritering av kommunevegar må ta utgangspunkt i hovudplan for skogsvegar (Kilden - hovudplan veg) og skje i samarbeid med næringa.
- For å få opp ny skog, må hjortestammen ned på eit lågare nivå eller andre rådgjerder må vurderast. Det er stader der det er uråd å få opp ny skog fordi hjorten beiter og herjer med ungslogen.
- Gulen kommune skal vere ein nøytral rådgjevar for skogeigarane og sjå til at areal vert planta så fort som mogeleg og seinast 3 år etter hogst.
- For å kunne drive godt skogbruk og ta omsyn til klimatiske endringar, må skogeigar ha kompetanse. Gulen kommune kan stimulere til kunnskapsformidling.
- Skogarealet i Gulen skal halde fram og vere skogareal også i framtida. Dette kan mogeleg aukast noko. Plante skog på nye areal er eit viktig

klimatiltak. Attgroing av landbruksareal er ei utfordring og planting av kulturskog bør vurderast.

- Produktiv, drivverdig skog skal drivast i tråd med skogeigar sine ønskjer og etter «Lov om skogbruk» .
- Gulen kommune fekk skogbruksplanar for enkeltbruk og samlerapport for kommunen i 2012. Desse må brukast aktivt i forvaltning av skogressursen og kommunen må ha ambisjonar om å auke kunnskapen hos skogeigarane i høve bruk av skogbruksplanane.
- Gulen kommune har ein småskala eigedomsstruktur. Eigedomsoverbyggande planar og tiltak vil ha prioritet i høve utbetaling av tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK). For å hauste storskalafordeler og få ei effektiv utnytting av samfunnet sine midlar, må skogeigarane samarbeide. Dette gjeld i første rekke vegbygging. Men kan også vere aktuelt ved andre tiltak i skogen.

9.6 Miljø og klima

Norsk landbruk har tradisjon for å ta omsyn til miljø, kulturlandskap og biologisk mangfald, og det har vore auka fokus på eit berekraftig landbruk dei siste tiåra. Husdyrbeite er ein viktig del av økosystemet og det er difor viktig at Gulen kommune nyttar dei verkemidla me har til å sikre god bruk av inn- og utmarksbeite. Slått og brenning er også driftsformer som bidreg til verdifulle naturtypar og leveområder for plantar og dyr. Som i mange andre kommunar er gjengroing eit problem i Gulen. Gjengroing reduserer beitekvalitet og er ein trussel mot eksisterande dyre- og planteliv. Eit gjengrodd landskap er også mindre tilgjengeleg og kan difor ha ein negativ påverknad på opplevingsverdien og på sikt reiselivsnæringa.

Det vil alltid vere ei viss ureining ved å produsere mat, men ureining utover det som ein kan forvente med god agronomi, er ikkje akseptabelt. Ei hovudutfordring er husdyrproduksjonar med mykje husdyrgjødsel, og kraftforkrevjande produksjonar som fjørfe og svin. For Gulen gjeld dette for det meste mjølkebruk – og særleg der mykje av fôrgrunlaget ligg med stor avstand frå driftssenteret.

Eit aktivt skogbruk er positivt for klimarekneskapen.

9.6.1 Hovudmål

Gulen kommune vil ha eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdjar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast.

9.6.2 Delmål

1. Eit ope og velstelt kulturlandskap med god utnytting av inn- og utmarksbeite og bruk av det bratte dyrka arealet til slått.
2. Landbruket skal vere klimavenleg og ha lite tap av næringsstoff og klimagassar til vassdrag og luft

3. Plast er eit viktig materiale i landbruket, men og ei kjelde til ureining. Det er viktig å legge til rette for dei meir miljøvenlege løysingane og legge opp til gode returordningar for plast.

4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir teke vare på og skjøtta

9.6.3 Strategiar

1. Stimulere til eit ope og velstelt kulturlandskap gjennom drift av areala til matproduksjon og skjøtselstiltak. Prioritere SMIL-midlar til kulturlandskapstiltak for aktive bønder og styrke aktiv bruk av det bratte jordbruksarealet ved auka fokus på midlar gjennom RMP-ordninga.

2. Bidra til utmarksbruk ved å auke fokus på bruken av tilskot til tiltak i beiteområde i utmark.

3. Auke fokus på dreneringstilskot og tilskot til miljøvennleg gjødselspreiing for å redusere utslepp av klimagassar og avrenning frå jordbruket gjennom god utnytting av husdyrgjødsel og god agronomi.

4. Bidra til å styrke kunnskap om klimagassutslepp, ureining, agronomi og kulturlandskap i næringa, og styrke og utvikle fagmiljøa i næringa innan desse tema.

5. Redusere plastureining ved å bidra til god innsamling av landbruksplast.

10 Andre tema

10.1 Veterinærvaktordninga.

10.1.1 Hovudmål.

Gulen kommune skal ha ei tilfredsstillande veterinærordning for produksjonsdyr.

10.1.2 Delmål.

1. Dyrehaldarane skal få naudsynt hjelp med sjuke dyr. Dyr skal ikkje lide unødig.

10.1.3 Strategi.

1. Saman med andre kommunar kunne bidra til at ein har eit velfungerande vaksamarbeid med tanke på dyrevelferd og arbeidsmengd for den enkelte veterinær.
2. Sikre at alle veterinærar i vaktområdet får samanliknbar økonomisk støtte for likt arbeid.

10.2 Kystlynghei.

I Gulen er det kartfesta områder med kystlynghei som «utvald naturtype» på søre del av Sandøy, nord for Vikingevågen på Byrknesøy og på Hille. På Hille er det utført aktiv skjøtsel i form av brenning.

Kystlynghei er ein truga kulturlandskapstype fordi aktiv beiting med sau og andre beitedyr er mykje lågare no enn tidlegare

Noreg har ca 1/3 av strekninga med kystlynghei som finst frå Portugal og til Lofoten. Det tilseier at Noreg har eit stort ansvar for å ta vare på denne naturtypen. I norsk raudliste for naturtypar frå 2018 er kystlynghei oppført i kategorien «sterkt trua».

Dei viktigaste årsakane til at kystlynghei forsvinn, er gjengroing, tilplanting og spreining av skog, oppdyrking og gjødsling, og nedbygging. Nitrogennedfall gjev også endring i lyngheiane.

10.2.1 Hovudmål.

Gulen kommune har ansvar for å ta vare på kystlynghei som naturtype.

10.2.2 Delmål.

1. Ta vare på kartlagt kystlynghei.

10.2.3 Strategi.

1. Forvalte tilskotsordningar som gjer det mogeleg for eigarane å sette inn tiltak som fremmar kystlynghei som naturtype.
2. Prioritere SMIL-tiltak som er positive for verdien av kystlyngheia.